


## SVAR PÅ SPØRSMÅL TIL AKTUELLE KANDIDATAR TIL NY BISKOP I STAVANGER BISPEDØME

### LUDVIG BJERKREIM (54) Prost i Sandnes



#### 1. Kva visjonar har du for Den norske kyrkja framover?

Den norske kyrkja vedtok ny visjon i 2008:

"I Kristus, nær livet - ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje."

Eg vil stolt bera med meg denne visjonen i tenesta mi som prest.

I Kristus - solid forankra i Han som er det fundament me byggjer kyrkja på  
- sentrert om Han me trufast skal fylgja og representere  
- raust dele ut evangeliet om Guds grensesprengjande nåde og akseptasjon

Nær livet - ei kyrkje som kjenner kvardagen til menneske me møter  
- ei raus kyrkje der det er plass til alle dei av oss som slit med livet og har våre små og store kvardagskampar  
- ei visjonær kyrkje som formidlar livsmot og håp for livet og framtida  
- ei brukskyrkje som folk erfarer som sann, ekte og aktuell

Samstundes skal kyrkja vitna om Jesus lokalt og søke å nå ut til alle folkeslag.

Skal kyrkja vera truverdige, er det viktig at den diakonale dimensjonen er sentral.

Ei sann tru viser seg i liv og gjerning.

Gjennom diakonien skal kyrkja opnast og styrkje banda til dei som har lausare trådar til kyrkje og kristen tru. I den samanheng meiner eg det er viktig å spela på lag med ulike grupper i kyrkje og nærmiljø og gje dei rom i fellesskapet.

Eg drøyer om at Den norske kyrkje skal vera ei aktuell kyrkje for folk flest, ei kyrkje som talar større og sterkare med gjerningane og livet, enn med orda. Samstundes drøyer eg om ei kyrkje der enno fleire kyrkje-aktive kan finne ein plass der trua modnast, utfordrast og gir rom for nådegavebasert teneste. Folkekyrkje og disippelkyrkje hand i hand.

Eg vil gjerne representere ei kyrkje som skapar lengsel, tru, håp, begeistring og mot til å fylgje Jesus og tene Han.

## **2. Kva for kyrkjeforståing har du?**

Den norske kyrkja er ein del av Jesu verdsvide kyrkje. Vi ber med oss evangeliet og Gudsrikeløyndomen. Kristus har kalla menneske med ulike nådegåver, utrustning og erfaring til teneste i denne kyrkja. Saman er vi undervegs som helgenar utan glorie, men med same oppdrag: "Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar."

Den norske kyrkja har ei stadig utfordring med å ha ein god ballanse mellom embete og råd. Kyrkja må få på plass ei betre organisering enn no med dei to arbeidsgjevarlinene. Uavhengig av organisering, vil eg halda fast på at kyrkja alltid har eit klart oppdrag til å forkynne evangeliet og forvalta sakramenta.

Eg håpar at vi i framtida kan få ei grunnlovsfesta fri og sjølvstendig folkekyrkje med god og forutsigbar økonomi.

## **3. Kva er kjernen i di forkynning av Guds ord?**

I 1. Kor 2,2 seier Paulus *".. eg ville ikkje vita av noko anna hos dykk enn Jesus Kristus og han krossfest."*

Dette er kjernen i det eg er sett til å formidla. Difor eg er oppteken av å teikne eit enkelt og sant bilete av Jesus ut frå dei tekstane eg skal forkynne frå.

Dei tre ledda i truvekjenninga gir oss tre viktige aspekt som skal fram:

1. Gud som ei gong skapte himmel og jord har gitt oss i oppdrag å forvalte skaparverket. I dette ligg utfordringa til å verne om miljøet. Eg søker å gi menneske hjelp til å halda fast på sitt gudgitte verd.
2. Jesus er verdens frelsar. Han synte oss ein guddommeleg raushet, nåde og akseptasjon. Eg ber om å formidla dette så tydeleg at folk kan oppleve kyrkja som tydeleg, raus og nådig på ei gong.
3. Anden arbeidar på ulike vis og kallar menneske til tru. Fleirintelligensteorien utfordrar meg i forkynninga. Difor legg eg vekt på å bruke ord, illustrasjonar, bilete, musikk, dagsaktuelt stoff og andre verkemidlar for å røre menneske med evangeliet. Eg søker å forkynne slik at folk kan oppleve det livsnært og aktuelt i sin livssituasjon. Nådegavebasert teneste er ein viktig del av forkynninga mi.

## **4. Kva vil du som biskop leggje vekt på i rolla som leiar/ånedeleg leiar?**

1. Ein biskop skal vera visjonsberar, inspirator og ein som bind saman. Han skal vera med å skape begeistring og stoltheit over kyrkja og det ho representerer.
2. Eg vil vera nær, oppmuntre og ha god dialog med dei eg skal leia. Difor vil eg prioritere møteplassar med medspelarane på dei ulike plan i kyrkja
3. Eg vil aktivt bruke prostane som åndelege og strategiske leiarar
4. Eg vil spele på lag med staben på bispekontoret og bispedømerådet
5. Eg vil knytte til meg andre rådgjevarar på områder der det er aktuelt
6. Eg vil søkje å få leiarvegledning for eigen del
7. Eg vil prioritere eit godt forhold til kristne organisasjonar og institusjonar
8. I alt dette er det viktig å la trua få næring slik at Gudsordet kan forme tanke, tru, sinn, haldninga og liv. Bøn og tilbeding er sentralt i alt arbeide.  
Ei levande kyrkje hentar nåde, styrke, mot og inspirasjon hjå Kristus.

## **5. Fortel kort om dine personlege eigenskapar/ånedelege utrustning/nådegåver.**

Trus- og livshistoria mi har forma meg til ein trygg, positiv og glad person. Eg gler meg over livet og ser muligheter og gleder før eg ser dei negative sidene. Eg ser på meg sjølv som ein raus person som det er lett å samarbeida med.

Eg gler meg over andre og kjenner meg ikkje truga av andre sine kvaliteter.  
Eg har god helse og stor arbeidskapasitet - er uthaldande og til tider litt sta.  
I prosessar har eg nokre gonger kort veg frå refleksjon til slutning og handling.  
Det betyr at eg lett ser muligheter og løysing. I nokre situasjonar er det viktig for meg å bruke litt meir tid i prosessen .  
Eg er ryddig i administrative oppgåver.

Nådegåvetestar stadfestar at nådegåvene mine m.a. er hyrde/leiar, undervisning og sjelesorg. Eg er glad i menneske og takknemlig for den tenesta eg har som prest i Den norske kyrkja. Eg ber at Herren skal bruke meg som eit reiskap i si hand der eg til ei kvar tid er.

#### **6. Karakteriser deg sjølv som kommunikator.**

Eg likar særleg godt å undervise og formidle, og eg får svært ofte positive tilbakemeldingar på det. Ofte opplever eg at forkynninga rører hjarta og ikkje bare tanken.  
Eg meiner eg er god til å sjå menneske, oppmuntre og inspirere.  
Eg er ryddig i tanken og har evne til å uttrykke meg punktvis.  
Eg er takknemlig for at arbeidet har blomstra i dei kyrkjelydane eg har vore prest.

Ein av kyrkjelydane eg arbeida i, hadde vore gjennom ein utfordrande konflikt.  
Saman med gode medspelarar fekk eg vera med på å lege nokre av såra og bygge fellesskapet til ein levande og velfugerande kyrkjelyd.  
Eg meiner at eg meistrar relasjonsbygging i fellesskapet. I alle år har eg hatt eit ekstra auga for barn og unge. Dei har fått oppgåver i gudstenestefeiring og fellesskapet elles.

9 år som landsstyreleiar i Søndagsskuleforbundet har gitt meg god erfaring i møteleing og det å prøve å samle trådar til felles vedtak. Me lykkast med å nå ut med visjonen: Jesus til barna.

Som prest har eg lagt vekt på ha eit godt forhold til media. Ved ulykker og andre tragiske dødsfall når medietrykket har vore ekstra stort, har det vore viktig å vera medviten om korleis eg skulle forhalda meg til den jobben media skulle gjera.

Det er avgjerande for ein biskop å byggja gode relasjonar til medspelarane innad i kyrkja og til politikarar, media og andre eg møter i tenesta. Eg vil bruke media aktivt og prøve å nå ut med noko av alt det positive som skjer i bispedømet.

#### **7. Mange teologiske og kyrkjepolitiske saker er på dagsorden i kyrkja. Nemn dei sakene du sjølv synest er mest avgjerande, og kva syn du har i desse sakene.**

1. Trusopplæringsatsinga "Størst av alt" er den viktigaste utfordringa for kyrkja framover. Jobb nr 1 er å formidle Jesustrua til barn og unge på ein slik måte at dei vil bere med seg trua med stolthet og identifisere seg med ei kristen kyrkje.
2. Gudstenestereforma. Viktig å forme gudstenestene våre slik at folk søker dei, blir utfordra til tru, liv og teneste. I dette reformarbeidet må vi ta med det beste av det gamle inn i det nye.
3. At vi flaggar ein klar Jesus-visjon slik at fleire kan frå frimod til å seia stolt "Eg er kristen. Eg trur på Jesus."
4. Stat-kyrkje. Avgjerande å finne ei god ordning med ei grunnlovsfesta fri folkekyrkje med god økonomi frå staten si side.
5. Min teologiske ståstad er forma av truskap mot Bibelen og vedkjenningskriftene. Eg vil identifisere meg med biskop Ernst Baasland sitt teologiske grunnsyn. I ei kyrkje vil vi alltid måtte leve med spenningar og ulike syn på teologiske, kyrkjepolitiske og praktiske spørsmål. Nokre gonger kan det vera smertefullt.

Det ser ut som om kyrkja i homofilisaka har funne fram til standpunkt eg ikkje deler. Likevel må vi kunne arbeida saman i same kyrkje.

### **8. Gi ein kort refleksjon om kyrkjelydsutvikling i Den norske kyrkja?**

Samfunn, tradisjonar og menneske endrar seg stadig. Vi registrer aukande forsamlingsbygging i regi av dei kristne organisasjonane. Folk synes å vera mindre lojale overfor den geografiske kyrkjelyden enn før. Kyrkja har difor eit kall til å leggje til rette for ordningar med ulike modellar for organisering av kyrkjelydar framover, på tvers av gamle strukturar.

Den anglikanske kyrkja har erfaringar vi kan la oss inspirere av. Det er ei stor utfordring for kyrkja å finne ulike ordningar som når menneske i vår tid og knytte dei til ein kyrkjelyd innan ramma av Den norske kyrkja.

### **9. Del nokre av dine tankar om religionsdialog, økumenikk og misjon.**

Norge er påverka av fleire religionar og kulturar. Det er viktig for ei majoritetskyrkje å ha god dialog med representantar for andre religionar, utan å miste stoltheit og trygghet i eiga tru. Det ligg ei ekstra forplikting til å ha god dialog med kristne søsken i andre kyrkjesamfunn. Mellomkyrkjeleg råd er ein viktig ressurs på nasjonalt og internasjonalt nivå. På det lokale planet må samtale og fellesskap vera ei prioritert oppgåve. Rogaland har stolte røter for misjonsarbeidet. Misjonsbodet kallar oss til å løfte fram kallet om å nå stadig vidare ut med evangeliet om Jesus.

### **10. Er det noko anna du vil legge vekt på eller du vil bispedømmerådet skal vere kjent med?**


- Dei siste åra har eg gått til leiarvegledning
- Gjennom engasjementet mitt i Søndagsskulen har eg vore med på å arbeida fram, og erfart ei fornying og vitalisering av søndagsskulearbeidet i Norge. Eg kan m.a. nemna: 364 nye søndagsskular dei fire siste åra, tekstopplegget "Sprell levande" og at gåveinntektene auka med 30% i 2008. I arbeidet i NSSF har eg vore med å vitja alle bispedøme i landet.
- Som prest har eg hatt gleda av å vera med på å byggja to nye kyrkjer, Nysæter -91 og Tananger -02.

## Personalia og bakgrunn

Namn	Ludvig Bjerkreim
Adresse	Aubehagen 14                      Frå august:                      Vestregate 17 4046 Hafrsfjord                      4307 Sandnes
Fødselsdato	20. mai 1954
Sivil status	Gift med Margunn 2 vaksne barn
Utdanning	<ul style="list-style-type: none"><li>• Teologisk embetseks. MF 1979 II (Studerte ved Misjonshøgskulen i Stavanger)</li><li>• Praktikum, MF 1981 I</li><li>• 10 vekttal Vegleiarutdanning ved Senter for diakoni og veiledning, Bergen, 1993</li></ul>
Hovudkarakter ved teologisk embetseksamen	Laudabilis
Eventuelle faglege publikasjonar	
Arbeidspraksis	1973 - 77 Organist i Bjerkreim 1980        Marineprest, KNM Harald Hårfagre 1981 - 86 Kallskap i Evje 1986 - 99 Res.kap. i Stord 1999 - 08 Kapellan/Sokneprest i Sola 2008 -     Prost i Sandnes
Tillitsverv og engasjement	1991-97 Medlem av landsstyret i Norsk Søndagsskoleforbund (NSSF), Frå 1994-97 nestleiar 1997- 00 Varamedlem i landsstyret i NSSF 2000-09 Leiar i landsstyret i NSSF Tillitsvervet i NSSF inneber at eg var/er med i Organisasjonanes fellelråd (OF) og representantskapet i IKO og NLA. NSSF sin representant i representantskapet i Bibelselskapet i to treårs-periodar. <ul style="list-style-type: none"><li>• I ein toårsperiode var eg med i stiftsstyret for Presteforeininga i Stavanger.</li></ul> 2004 -09 Mentor for trusopplæringsprosjektet "Størst av alt" i Time prestegjeld.
Anna	

## SVAR PÅ SPØRSMÅL TIL AKTUELLE KANDIDATAR TIL NY BISKOP I STAVANGER BISPEDØME

**Øystein Bjørdal (60)**  
**Domprost i Molde**



### **1. Kva visjonar har du for Den norske kyrkja framover?**

Den overordna visjonen for Den norske kyrkja er god: ei open, vedkjennande, tenande og misjonerande kyrkje! Eg ønskjer meg ei tydeleg kyrkje som ikkje berre er engasjert, men som kan vere ein åndeleg heim. Ei kyrkje for livsutfalding og der menneska kan tolke og forstå liva sine i den store samanhengen. Eg ønskjer meg ei kyrkje der vi byggjer og utviklar kyrkjelydane, der den grunnleggande læra og vedkjenninga ligg fast og der strukturar og arbeidsmåtar er i god utvikling.

### **2. Kva for kyrkjeforståing har du?**

Truvedkjenninga sine ord gir god mening: ei heilag, allmenn kyrkje. Kyrkja er synleg som "jordens største under" og samstundes er ho Kristi lekam på jorda. Dette mysteriet er vi ein del av og det minner om Jesus som sann Gud og sant menneske på same tid. Eg er ein glad statskyrkjeprest og kyrkja vår gir ei eineståande kontaktflate til å forkynne evangeliet. Men det er også spenningsfullt. Den lutherske toregimentslæra og den politiske erfaringa utfordrar dagens statskyrkjesystem. Det er lokalkyrkjelyden som er grunneininga og utgangspunktet for ei levande kyrkje.

### **3. Kva er kjernen i di forkynning av Guds ord?**

Å møte menneska sine lengsler og djupaste spørsmål er eit nødvendig utgangspunkt for forkynninga. Forsoninga og frigjeringa i Jesus Kristus er sentrum og den berande krafta i mi forkynning. Det betyr å vektlegge Guds grenselause nåde til å kvile i og den kristne trua som inspirasjon til fellesskap og handling. For meg betyr det også å forkynne til bøn og etterfølgjing.

#### **4. Kva vil du som biskop leggje vekt på i rolla som leiar/ånedeleg leiar?**

- Å vere rådgjevar, støtte og vegleiar for medarbeidarar og kyrkjelydar, med eit særleg ansvar for prestane og prostane
- Initiere prosessar og vere medspelar
- Å vere ein åndeleg leiar og inspirator som set dagsorden og er samlande symbol

Som person er biskopen først og fremst åndeleg leiar, men som institusjon har biskopen brei kompetanse og leiarskap gjennom prostekollegiet og staben på bispedømekontoret. Som strategisk organ har bispedømerådet ei nøkkelrolle i biskopens leiarskap.

#### **5. Fortel kort om dine personlege eigenskapar/ånedelege utrustning/nådegåver.**

Av natur er eg optimist som trur det går an å finne løysingar og som likar å arbeide med byggande og målretta perspektiv. Det betyr ikkje at eg går utanom vanskelege spørsmål og kompliserte saker. Å arbeide seg gjennom spenningar og vanskar på ein open og ærleg måte er grunnleggande for å nå gode mål.

Som person er eg open og utadvendt, kontaktskapande og likar å bygge nettverk. Eg er oppteken av å vere brubyggar i forhold til kristne organisasjonar og andre kyrkjesamfunn. Det almenne kultur- og samfunnslivet har alltid hatt mi interesse.

I to periodar har eg gått i åndeleg vegleiing i ignatiansk tradisjon, med stille retreat og meditasjon. Det har gitt meg fornøye og glede i å vere stille i bøn og meditasjon og å lytte til Guds leiing i livet. Å søke og vente på Gud har gitt meg viktige opplevingar og erfaringar.

#### **6. Karakteriser deg sjølv som kommunikator.**

Som predikant legg eg vekt på å vere aktuell og mest muleg muntleg i forma, med bruk av bilder, symbol og konkretiseringar. Som liturg kommuniserar eg i måten eg leier gudstenestene på, med vekt på medansvar og involvering av lekfolk (også barn og unge). Det er viktig å skape fridom og tryggleik i kyrkjerommet og i den liturgiske handlinga. Eg har god erfaring og føler meg trygg i møte med pressa og tenkjer at det er viktig at kyrkja er synleg i det offentlege rom, også gjennom media. Produksjonen av artiklar og bøker og engasjement som talar og foredragshaldar har gitt meg ei brei plattform som kommunikator.

#### **7. Mange teologiske og kyrkjepolitiske saker er på dagsorden i kyrkja.**

**Nemn dei sakene du sjølv synest er mest avgjerande, og kva syn du har i desse sakene.**

- Statskyrkja er omtala ovanfor under avsnittet Kyrkjeforståing. Uansett kyrkjeordning er det viktig at kyrkja er innbydande og open, men også oppsøkande.
- Homofilspørsmålet er viktig og vanskeleg. Det tek mykje tid og merksemd, men det må ikkje take motet frå oss. Vi må ikkje gløyme at dette faktisk handlar om kjærleik. Det må gjere oss audmjuke. Eg vil ikkje kunne vigsle homofilt sambuande til kyrkjelege stillingar og er grunnleggande kritisk til den nye ekteskapslova.
- Kyrkja som kulturberar og ramme for livstolking krev at vi er aktive forvaltarar av kulturarven og gir rom for skapande kunst og kultur slik kulturmeldinga "Kunsten å vere kirke" legg opp til.

- Vern om skaparverket, både menneskelivet og den truga jordkloda, er viktige tema som kyrkja må engasjere seg tydeleg i.

### **8. Gi ein kort refleksjon om kyrkjelydsutvikling i Den norske kyrkja?**

Kyrkjelydsutvikling er eit målretta arbeid for å gjere kyrkjelydane betre istand til å vere og gjere det dei er kalla til å vere - opne, vedkjennande, tenande og misjonerande. Dette arbeidet må forankrast i dei lokale kyrkjelydane og vi må vere opne for variasjonar i dette bildet. Det trengs utvikling av eit meir dynamisk samspel mellom stab og frivillige i kyrkjelydsarbeidet. Det har vore stor fagleg utvikling på dette feltet i den seinare tid. Eg ser med glede på den inspirasjon dette gir til det byggande kyrkjelydsarbeidet. Tilpassning i forhold til folkekyrkja krev også eit visst kritisk blick på aktuelle arbeidsmetodar for kyrkjelydsutvikling.

### **9. Del nokre av dine tankar om religionsdialog, økumenikk og misjon.**

- Religionsdialog er viktig for fredsarbeid og avspenning. Det er nødvendig med kunnskap om og respekt for andre religionar og kulturar, men det er også avgjerande å vere trygg på eigen ståstad og verdiforankring. I religionsdialogen må vi vere opne og møte alle truande menneske med respekt og tillit.
- I økumenisk samanheng er det viktig å sjå kvarandre som trusfellar og legge vekt på det vi står saman om av kristen tru og verdiar, ikkje minst lokalt. Vektinga av det som er forskjellig og det som skiljer oss i trusspørsmål, og i praktiske og gudstenestelege handlingar, må vurderast i lys av heilskapen.
- Misjon er eit grunnleggande oppdrag i det å vere kyrkje, ikkje bare som ei ytre handling, men som del av kyrkja sitt vesen. Ord i Det nye testamenta som "Gå ut i all verda..." og "Det fins ikkje frelse i nokon annan..." er utfordrande i sitt eksklusive innhald. Men utan dette perspektivet blir kristendomens kjernebodskap vag og utydeleg. Vi må halde fast på at budskapet om frelse og forsoning i Jesus Kristus er avgjerande for kyrkja si sjølvforståing.



## Personalia og bakgrunn


Namn	Øystein Bjørdal
Adresse	Storevikvn. 4, 6412 Molde
Fødselsdato	24.08.1948 i Ørsta
Sivil status	Gift og tre vaksne barn
Utdanning	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Examen Artium, Ålesund Gymnas 1968</li> <li>- St.Olaf College, Minnesota, 1971/72, Studier i musikk og idéhistorie</li> <li>- Sangstudier med Gunnar Marthinsen, Norges Musikkhøyskole, 1974-76</li> <li>- Cand.theol. frå Menighetsfakultetet, 1976</li> <li>- Praktisk-teologisk seminar, Menighetsfakultetet, 1977</li> <li>- Master of Theology (M.Th.) frå Luther Northwestern Theological Seminary, Minnesota, 1982/83</li> <li>- Familieterapeutisk grunnutdanning (1-årig) ved Norsk Psykiatrisk Forening/Legeforeningen, Førde 1986/87</li> <li>- Ledelsesprosjektet, Lederopplæringsrådet 1988</li> </ul>
Hovudkarakter ved teologisk embetseksamen	Haud ill. Primi gradus
Eventuelle faglege publikasjonar	<ul style="list-style-type: none"> <li>- <i>Lex Orandi - Lex Credendi. A Lutheran Approach to Liturgical Theology</i> (M.Th. Thesis), St.Paul, Minnesota 1983</li> <li>- <i>Tro og tilbedelse. Skisser til en liturgisk teologi</i>, Verbum, Oslo 1986</li> <li>- <i>Mellom skapelse og gjenløsning. Gudstjenesten i fokus</i>, (red. saman med J.Fevang), PF's studiebibliotek 1989</li> <li>- Redaktør Luthersk Kirketidende, 1991-2001</li> <li>- <i>Engelen ved din side</i> (med O.Skjevesland), Verbum 1994</li> <li>- <i>I Vesterveg - På spor etter røttene til 1000-års jubileet for kristningen av Norge</i> - red. jubileumsskrift av Luthersk Kirketidende, Pinse 1995</li> <li>- Hovedred. av Liturgisk Skriftserie nr.1-7, Liturgisk senter 1997 - 2000</li> <li>- <i>Incarnation and Creativity</i>, Ed. by Øystein Bjørdal, Trondheim 1997</li> <li>- "Ein salme av lys, ein salme av stein" - salmebidrag i Salmer 1997</li> <li>- "Kom du Hellig Ånd" - salmeomsetjing saman med Olav Garcia de Presno, Salmer 1997</li> <li>- Medforfattar av <i>Våre tider i Guds hånd. Kirkens</i></li> </ul>

	<p><i>tjeneste ved dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd, Verbum 1998.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <i>Kilden og veiene. En praktisk pilegrimsteologi</i> (red. saman med B. Hardeberg), Trondheim 2000</li> <li>- <i>Helse, liv og mot. Om ritualer og symboler i hverdag og helse</i>, Liturgisk Skriftserie nr. 8, Trondheim 2001</li> <li>- <i>Pilgrimage to Nidaros. A Practical Pilgrimage Theology</i>, Trondheim 2003 (red. saman med B. Hardeberg)</li> <li>- Artiklar av nyare dato:        "Den urkristne gudstenesta og vår" – respons på eit foredrag av O. C. Hanssen i <i>Gudstjenestefornyelse og menighetsutvikling</i>, T. Hesselberg (red.), Oslo 2007        "Liturgifornyelse. Noen norske erfaringer og perspektiver" i <i>Ichthys. Dansk Tidsskrift for Teologi og Kirke</i> nr.2/2008</li> </ul>
Arbeidspraksis	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Residerande kapellan i Førde, Sunnfjord, 1977-87</li> <li>- Sokneprest Lilleborg menighet, Oslo, 1987-91</li> <li>- Amanuensis i praktisk teologi, Menighetsfakultetet, 1991-95</li> <li>- Amanuensis og førstelektor i praktisk teologi med hovudansvar for liturgikk, MF, 1995 – 2002 (perm 1.1.97 – 1.8.2000)</li> <li>- Studierektor Liturgisk senter, Dnk, 1997-2000</li> <li>- Domprost i Molde, 2002 -</li> </ul>
Tillitsverv og engasjement	<p><u>Tillitsverv:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Studentrepr. til Fakultetsrådet, MF 1974</li> <li>- Vararepr. til Bjørgvin Bispedømmeråd, 1982-86</li> <li>- Formann i Santalmisjonen, Sogn og Fjordane krins, 1985-87</li> <li>- Leiar for Presteforeninga (PF) og Organistforbundets etterutdannings-prosjekt "Nytt i Guds hus", 1988-93</li> <li>- Medlem og nestformann i Kyrkjerådets Gudstenesteråd/Nemnd for Gudstenesteliv, 1989-2000</li> <li>- Medlem av "Menighet og Misjon", NMS, Oslo krets, 1990-91</li> <li>- Medlem i Kirkemusikalsk Råd, Oslo bispedømme, 1991-97</li> <li>- Formann i Oslo Domkirkes Guttekor 1991-93</li> <li>- Fagleg ressursperson i Oslo domkirke 1993-95, ansvar for fredagens morgongudsteneste</li> <li>- Komite-leiar for Kyrkjemøtet sitt initiativ til ny "Familiemesse", 1993-96</li> <li>- Medlem i Uranienborg menighetsråd, 1994-97</li> <li>- Leiar av Kyrkjerådets komite for revidering av gravferdsordninga, 1996-1998</li> <li>- Leiar Norges Kirkesangforbund, 1999-2007</li> <li>- Medlem av PF's fagutval for liturgi, 2000-2003</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Medlem av Kyrkjerådets komite for ny Bønebok for Den norske kyrkje, 2000-2001</li> <li>- Medlem av Liturgisk utval, Kyrkjerådet, 2005–2008</li> <li>- Medlem av Kyrkjedepartementets komite for prosteutvikling 2008-09</li> <li>- Leiar av Kyrkjerådets Nemnd for Gudstenesteliv 2008</li> <li>- Leiar av Kyrkjerådets evalueringsutval for ny salmebok 2008 -</li> </ul> <p><u>Engasjement - nasjonalt</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Korsongar Oslo Domkor og Grex Vocalis, 1971-75</li> <li>- Kor-og solistoppdrag i fjernsynsprod. "Herodes" (1974 liturgisk drama om Jesu fødsel)</li> <li>- Konsulent for Sogn og Fjordane Teater på teaterstykket "Nytt år for Rosa" (1985), av den katolske forfattar Descalzo</li> <li>- Saman med teatersjef Anne Gullestad, ansvarleg for tekstlesarkurs i Bjørgvin bispedømme 1986</li> <li>- Ein av initiativtakarane til Tomasmessene i Norge, medlem av arb.utv. for Tomasmessa i Uranienborg Kirke, Oslo, 1993-98</li> <li>- Mellomkyrkjeleg Råds repr./sekr. for den internasjonale, økumeniske gudstenesta ved Nidarosdomen Olsok 1997 (Norske Kyrkjedagar/ Trondheims 1000 års-jubileum)</li> <li>- Leiar av cellegruppe i Molde, 2003 –</li> </ul> <p><u>Engasjement – internasjonalt</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Korsongar St.Olaf College Choir, Minnesota, 1971-72</li> <li>- Predikant og gjestelærer på St.Olaf College, Minnesota, januar-februar 1977 (eit samarbeid mellom Oslo biskop, ANSA og St.Olaf College)</li> <li>- Leiar av støtteaksjonen Norge - Polen, Sunnfjord, 1984-86</li> <li>- Ansvar på vegne av Bjørgvin biskop for tilrettelegging av Kardinal Josef Glemp's besøk i Sunnfjord, mai 87</li> <li>- Medlem av arb.utv. for "Vennskapsskipet Norge – Polen", 1988</li> <li>- York, England 1994: "På leiting etter røtter til 1000 års jubileet". Ansvarleg for etterutdanningskurs for kyrkjelege medarbeidarar</li> <li>- Fordragshaldar på "Conference on Theology and Music", Luther Seminary/St.Olaf College, Minnesota 1995</li> <li>- Den norske kyrkja sin representant i Det lutherske verdsforbundets studieteam "Worship and Culture", 1995 - 1998</li> <li>- I regi av KV foredrag på det økumeniske seminaret i Bose-klosteret i Nord-Italia om helgnar og martyrar – "A Cloud of Witness. A Lutheran Perspective", 2008</li> </ul>
Anna	

## SVAR PÅ SPØRSMÅL TIL AKTUELLE KANDIDATAR TIL NY BISKOP I STAVANGER BISPEDØME

**ERLING J. PETTERSEN (58)**  
Sokneprest i Nordstrand, Oslo



### **1. Kva visjonar har du for Den norske kyrkja framover?**

Jeg ønsker at kirken skal være et sted der mennesker møter varme, respekt og åpne fellesskap. Kirken skal være troverdig, raus og åpen, med budskapet om Jesus Kristus som det tydelige sentrum. Den er stedet der det er rom for en når livet går i stykker. Menigheten er stedet der den enkelte blir sett og verdsatt.

Visjonen for Den norske kirke er at den kan være stedet der mennesker kan finne et språk for sin tro, også når den er famlende og usikker, et sted der vi kan tale sant om livet, og der Bibelens fortellinger kan møte våre livsfortellinger og gi håp. Visjonen bæres oppe av en dyp overbevisning om at en kirke som lever nær livet, og nær Jesus Kristus, kirkens Herre, vil fokusere på det som samler, som gir livsmot og håp, og som speiler evigheten.

### **2. Kva for kyrkjeforståing har du?**

I min kirkeforståelse er den lokale menighet det sentrale sted. Det kristne fellesskap har sitt utgangspunkt i dåpen, der vi får fellesskap med den treenige Gud. Det er et bekjennende fellesskap, der vi deler troen og gir den videre i misjon og tjeneste, med omsorg og kjærighet for alt det skapte.

I den lokale menighet feires Guds nærvær i Ord og sakrament. Her kalles vi som kirke til å leve i Kristi etterfølgelse, i diakonal handling og i gudstjenestens lovsang og tilbedelse.

Kirken er både lokal og global. Impulsene fra den verdensvide kirke, ikke minst fra årene som misjonsprest i Brasil, har beriket mitt arbeid også som menighetsprest, samtidig som nettopp de lokale utfordringene har hovedfokus og vil ha det fremover.

### **3. Kva er kjernen i di forkynning av Guds ord?**

Kjernen i min forkynnelse er gleden over at Gud er kommet nær i Jesus Kristus, at tro og liv ikke kan skilles, at det kristne håp er sterkere enn alle mørke sider i oss og rundt oss, og at det kom en påskemorgen etter langfredagens mørke. Grunntonen i min forkynnelse er budskapet om kors og oppstandelse.

### **4. Kva vil du som biskop leggje vekt på i rolla som leiar/ånedeleg leiar?**

Som biskop vil jeg gi førsteprioritet til omsorgen og ansvaret for kirkelige medarbeideres arbeidssituasjon. Det betyr å være tilstede, tilgjengelig, engasjert for å sikre ressurser og vise strategisk lederskap, og å prioritere kirkens arbeid med utgangspunkt i lokalmenigheten.

Jeg ønsker å bidra til at de to arbeidsgiverlinjene kan utnytte felles ressurser på en bedre måte, og jeg vil arbeide for faste ordninger med retreat, etterutdanningsmuligheter og åndelig veiledning.

Jeg ønsker å være en brobygger, ikke minst i forhold til dem som opplever seg utenfor i dagens kirkesituasjon.

Jeg ønsker å støtte menighetsråd og fellesråd, ved å legge til rette for gode modeller for samhandling og samvirke i arbeidet for å styrke våre menigheter som tros-, omsorgs- og handlingsfellesskap.

Jeg vil lytte til og ta på alvor de synspunkter som avviker fra mine egne. For meg er dialog og respekt for andres overbevisning grunnleggende.

Skal jeg kunne ivareta rollen som inspirator og åndelig veileder, må jeg selv leve nær kilden, Jesus Kristus, i bibelstudium, bønn, åndelig veiledning og skriftemål.

### **5. Fortel kort om dine personlege eigenskapar/ånedelege utrustning/nådegåver.**

Både som kirkelig leder og som prest har jeg fått klare tilbakemeldinger på at mine sterkeste sider handler om å SE den enkelte, bekrefte, verdsette og løfte frem medarbeidere, lytte til livserfaringene, gi rom for samtale og i praksis følge opp den enkelte medarbeiders behov. Som prest har jeg opplevd gleden ved å se skriftemålet på vei tilbake i menigheten, og det henger vel også sammen med en evne (nådegave?) til å lytte mer enn å tale.

I krevende lederstillinger har jeg fått bruke evnen som brobygger, en som lytter og arbeider aktivt for å finne samlende løsninger, også der motsetningene er sterke og ellers kunne føre til splittelse.

Jeg tror de erfaringene jeg har med meg fra det menighetsbyggende arbeid som prest, fra diakonalt arbeid på gateplan, fra mange års bevisst arbeid for å bidra til at trosopplæringsreformen ble virkelighet, og fra arbeidet med administrasjon og strategisk ledelse har gitt meg kompetanse og trygghet til å møte utfordringene i bispedømmet.

### **6. Karakteriser deg sjølv som kommunikator.**

Jeg opplever det som svært meningsfylt og inspirerende å være forkynner og formidler. Det å forkynne både for barn og unge, for voksne på bedehuset i

Normisjon eller på søndagens høymesse gir meg stor glede og får frem den siden som jeg ser på som min sterkeste som forkynner: evnen til å få fram et enkelt budskap som berører menneskers livssituasjon her og nå, håpspreget og Kristussentrert. "I Kristus, nær livet" er et motto jeg gjerne også setter over egen prestatetjeneste.

I samfunnsdebatten ønsker jeg å være en som kan sette ord på det kirken står for i offentlig debatt, og mener jeg har lang erfaring i å være både tydelig og samlende i slike sammenhenger.

### **7. Mange teologiske og kyrkjepolitiske saker er på dagsorden i kyrkja. Nemn dei sakene du sjølv synest er mest avgjerande, og kva syn du har i desse sakene.**

Å tolke kirkens tro og tradisjon inn i dagens sammensatte kultursituasjon, inn i dagens språk og livsfølelse, slik at det oppleves meningsfullt og utfordrende, ser jeg som en avgjørende oppgave, der kirken også kan være med på å sette en annen dagsorden enn tabloidenes stereotype kirkedebatter.

Alliansebygging med aktører i kunst- og kulturliv kan åpne for deltakelse på nye arenaer. Mitt engasjement for kirkens kulturarbeid ønsker jeg å fortsette med på det regionale plan. Kunst og kultur, musikk og skjønnlitteratur er en kilde til å se og forstå, til livstolkning og fornyelse.

De kirkelige stridsspørsmål tapper menighetene for mye energi. Her ønsker jeg å være i samtalens rom heller enn i den offentlige polemikk.

Jeg deler Kirkemøtets flertalls syn i homofilisaken, men er også her opptatt av å finne samlende løsninger. Jeg distanserer meg fra det kjønnsnøytrale ekteskap. Jeg vil arbeide energisk for å fokusere på det som samler, og som kan løfte frem kirkens grunnleggende budskap.

Arbeid for rettferdighet og fattigdomsbekjempelse, både i hjemlig og global sammenheng, har vært viktig for meg både før og etter erfaringen med å leve i et slumområde som misjonsprest. Evangeliets radikale budskap om frihet og rettferd for undertrykte og kamp for å ta vare på skaperverket hører med til de saker jeg mener bør settes mer aktivt på overflodssamfunnets dagsorden, gjennom samarbeid med Korsvei, Changemaker og andre som er engasjert i samme sak.

### **8. Gi ein kort refleksjon om kyrkjelydsutvikling i Den norske kyrkja?**

Norsk menighetsliv er mangfoldig, og jeg ser på mangfold i arbeidsformer som en positiv mulighet til å skape fellesskap som er åpne og inkluderende. Jeg ønsker å prioritere gudstjenestefornyelse, i et samarbeid mellom kantor, prest, kateket, diakon og frivillige.

Skal vi lykkes med menighetsutvikling, er det nødvendig å utvikle stedege, norske modeller, som tar den lokale tro og kultur på alvor. Menighetsutvikling forutsetter også at vi tenker og planlegger på tvers av sektorene undervisning, diakoni og gudstjeneste. Luther sa det så enkelt at hvis enhver tjente sin neste, var hele verden full av gudstjeneste! En dynamisk menighetsutvikling forutsetter en helhetstenkning der menigheten utvikles både som tros-, omsorgs- og handlingsfellesskap.

I mitt arbeid i IKO og Kirkerådet var trosopplæring hjertesak nr 1. Engasjementet for trosopplæring er fremdeles like sterkt, i alt fra babysang til fornyelse av trosopplæring for voksne, gjennom pilegrimssatsing og prioritering av møtet med folkekirkens medlemmer i forbindelse med kirkelige handlinger. Jeg tror at en målbevisst satsing på trosopplæring, i et slikt helhetsperspektiv, er den beste oppskrift på en positiv utvikling av den lokale menighet.

### **9. Del nokre av dine tankar om religionsdialog, økumenikk og misjon.**

Som misjonær i Brasil lærte jeg å se verdien av et tett fellesskap på tvers av kirkelige skillelinjer. Vi så at misjon var hele kirkens sak. I dag utfordres vi også til å være misjonerende menigheter på hjemmebane, ved et troverdig nærvær i lokalmiljøet.

Som leder i misjons- og dialogorganisasjonen Areopagos har jeg lært mye av kinesiske kristne om den store verdien av en dialog som er både åpen og ured, nettopp fordi den er så trygt forankret i troen på Jesus Kristus som Frelser og Herre, og med et stort rom for mangfold. Nøkkelordene som jeg tror vi trenger å ta frem igjen er IDENTITET og DIALOG. Jo tryggere i egen kristen identitet, desto åpnere og større blir dialogens rom. Trygghet og forankring i egen tro er en forutsetning for en tillitsfull dialog med mennesker som har et annet livssyn og en annen tro. Skal kirken være troverdig som verdibærer i et flerreligiøst samfunn, må den lytte og vise respekt. Mitt bidrag her vil være å legge til rette for et religionsmøte preget av ydmykhet og respekt, men også med stolthet over de verdier vi bærer med oss i vår tro.

Jeg vil legge vekt på å hente aktivt inn de impulsene den verdensvide kirke gir oss, og som inspirerer til å stå på de svakes side, identifisere og tolke menneskets lengsler, arbeide for fred og forsoning og vise praktisk solidaritet. Kirkens diakonale nærvær synliggjør Kristi medlidelse og den hånden Kristus rekker ut når han gir mennesker tilbake deres verd.

### **10. Er det noko anna du vil bispedømmerådet skal vere kjent med?**

I alt som er skrevet ovenfor, er det ikke lett å få øye på det som også preger min hverdag: en sterk interesse for, og glede over skjønnlitteratur og musikk, fascinasjon og trivsel i samværet med to barnebarn, og hyttelivets fjellgleder med familie og venner.

Dessuten, selv om dette er skrevet på mitt dagligsmål, behersker jeg også dagligspråket som mor hadde fra nynorskbygda Askvoll i Sunnfjord.

### Personalia og bakgrunn

Namn	Erling Johan Pettersen
Adresse	Ekebergveien 290 P, 1166 Oslo
Fødselsdato	21.02.1950 i Bergen
Sivil status	Gift: 10.09.1971 med Turid Barth
Utdanning	<p><b>Utdanning</b>            Teologisk embetseksamen, Det teologiske Menighetsfakultet 1977            Praktisk – teologisk seminar, MF, Oslo 1978 – 79            Ordinert 01.07.1979</p> <p><b>Studieopphold/etterutdanning:</b>            USA 1967 – 68            Tyskland 1976 (Bayerische Landeskirche)            USA og Brasil, stipend fra Faglitterær forfatterforening (kontekstuell teologi og kirkenes arbeid blant gatebarn) 1988 og 2000            Brasil 2001 (Presteforeningen / Kirken Nødhjelps 3 måneders stipend)</p>
Hovudkarakter ved teologisk embetseksamen	Haud ill. Primi gradus
Eventuelle faglege publikasjonar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 1976 <i>Politisk teologi</i>, Analyse av D. Solle og G. Gutierrez' teologi, i : Ung Teologi 1/76, s. 61-71.</li> <li>• 1976 Bibeltolkning og historiesyn. Bibliografi. NKS, 4 s.</li> <li>• 1977 <i>Kirke-Stat i Tsjekkoslovakia</i> - dialog eller diktat? i : Ung Teologi 1/77, s. 19-38.</li> <li>• 1977 <i>Forbrukerveiledning til GT</i>, i: Shalom nr. 5 – 6, s. 20 – 21.</li> <li>• 1977 <i>Makt, rikdom og frelse. Lukas 19: 1-10</i>, i: Bibeltolkning og historisk materialisme, temahefte, Forbundssenteret Haugtun.</li> <li>• 1977 Forbundets internasjonale arbeid, Temahefte 2/1977, Norges Kristelige Studenterbevegelse (red.), 54 s.</li> <li>• 1980 <i>Fader du har skapt meg</i>. Et konfirmantopplegg for psykisk utviklingshemmede (prosjektleder og redaktør), Kirkerådet, 66 s.</li> <li>• 1980 <i>Pedro og Maria</i>. Et konfirmantopplegg om misjon og rettferdighet. Medforfatter (sm. med Ø. Dahl og F. Grimstad), Kirkens U-landsinformasjon.</li> <li>• 1983 <i>Konfirmasjonstiden - Plan og Praksis</i>. Håndbok for konfirmantarbeidere. Medforfatter (sm. med J.Ulltveit-Moe og F.Wagle), Aschehoug, 148 s.</li> <li>• 1984 <i>Det angår dem! De angår oss!</i> Menighetens kontakt med konfirmantforeldre. Veiledningshefte.</li> </ul>



